

Norddal kommune

Næringsavdelinga

– ein
verdsarvkommune

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2010/67-74	Doknr.:
Mottatt: - 3 MAI 2010	
Saksbeh.: ASR/SEB	Ark.: 410
Kopi:	Avskr.:

Vår ref.
10/470/V31/TORK/97515319

Dykkar ref.

Dato:
29.04.2010

Høring - forslag om forbod mot nydyrking av myr - konsekvensar for Norddal kommune

Forslaget til endring i forskriftene om nydyrking vil innebere forbod mot nydyrking av myr med torvlag over 30 cm. Forslaget går også ut på at oppattdyrking av areal som har vore unytta i over 20 år, skal reknast som nydyrking.

Det vert opplyst at Bioforsk har utrekna årlege CO₂- utslepp frå dyrka myr på mellom 2 og 3 tonn som er mellom 20 – 30 gangar større enn CO₂- bindinga i naturleg myr. Ei djup myr vil ha større utslepp enn ei grunn myr.

Departementet meiner at gardsbruk som har behov for tilleggsjord, bør sikre seg jord ved jordleige framfor å nydyrke myrjord. Det vert vidare vist til at det er vanskeleg å kvantifisere kostnaden ved å stanse nydyrking på myr. Det er ikkje gjennomført ei grundig analyse av samfunnskostnadane ved forbodet. Departementet meiner at kostnaden vert lav.

Norddal kommune har i dag relativt lite med nydyrking, men mange bruk har myrareal som er ein ressurs for framtidig dyrking og drift. Mykje av ledig leigejord ligg brattlendt til og er svært energikrevjande å bruke.

Dyrkingsreservane på bruka ligg som ein ressurs for framtidige generasjonar. Areal gir neste generasjon tru på framtida og optimisme. Landbruket er i dag hardt pressa når det gjeld økonomisk utkome, og lite skal til før gardbrukaren finn seg eit anna arbeid med lang pendling i retning mot Ålesund.

Dei matvarene som vi ikkje har areal til å produsere i Norge, må transporterast frå andre land kanskje med bil båt eller fly med store CO₂- utslepp.

Korleis ser CO₂ – rekneskapen ut når slike moment som er nemnt ovanfor vert trekt inn ?


Departementet kjem berre med svake signal om at her kan det vere noko. Dette er ikkje godt nok.

Vi veit i dag at moderne myr dyrking skjer ved omgraving, og at myrjorda blir plassert under overflata, og ein legg mineraljorda på toppen (omgraving). Dette må føre til mindre CO₂ tap enn ved tradisjonelle og tidlegare myr dyrkingsmetodar.

Postadr.: Postboks 144 6211 Valldal	E post/heimeside post@norddal.kommune.no www.norddal.kommune.no	Telefon/telefaks 70 25 88 00 70 25 88 01	Bankgiro: 4020 07 00122	Organisasjonsnr. 939 396 268
---	---	--	----------------------------	---------------------------------

Av omsyn til vår eigen matproduksjon, sjølvforsyningsgrad og framtidig busetting på bygdene, vil Norddal kommune gå sterkt imot forslaget om forbodet mot nydyrking på myr. Den grunngevinga som departementet har lagt til grunn, er mangelfull med omsyn til den totale CO2 rekneskapan.

Med helsing



Toralv Klokkehaug
næringssjef